

# Tilskot til styrking av frivillig sektor i Vestland

- Vedtatt i hovudutval for kultur, idrett og inkludering 14. september 2022 -

## Føremål med ordninga

Tilskotsordninga skal gå til styrking av regionale frivillige organisasjoner i Vestland etter Frivilligheitas år 2022. Tiltaka skal ha varige verknader gjennom synleggjering, auka rekruttering og styrka samarbeid mellom regionale frivillige organisasjoner.

## Kven kan søke?

Ordninga gjeld for regionale frivillige organisasjoner eller paraplyorganisasjoner som er registrerte i Frivilligetsregisteret. Organisasjonen må ha lokale lag/ledd i minst tre kommunar i Vestland. Lokale frivillige organisasjoner kan søke om tilskot til tiltak med stor regional verdi. Organisasjonar som er tilknytt Vestland idrettskrets kan ikkje få støtte gjennom ordninga, då fylkestinget i Vestland har sett av eigne midlar til Vestland idrettskrets.

## Søknadsfrist

Søknadsfristen er 30. november 2022.

## Kva kan ein få støtte til

Organisasjonane kan få tilskot til regionale tiltak som kan gje varige effektar i form av synleggjering, auka deltaking og rekruttering, nedbygging av barrierar og styrka samarbeid mellom organisasjonar.

Fylkeskommunen si rolle er å vere ein regional utviklar, så tiltaket må ha regional verdi og nedslagsfelt.

## Søknadsbeløp

Det kan søkjast om inntil 200 000 kr til tiltaket.

## Vurdering

Søknadene blir vurdert ut i frå følgjande kriterium:

- Tiltaket sin regionale verdi. Tiltak med breitt geografisk nedslagsfelt blir prioritert.
- I kva grad tiltaket er med å synleggjere frivilligheita i Vestland.
- Om tiltaket har mål om auka deltaking, rekruttering av nye frivillige og reduksjon av barrierar for deltaking.
- Om tiltaket vil styrke samarbeidet mellom regionale frivillige organisasjonar.

Ein søknad må ikkje oppfylle alle vurderingskriteria, men dess fleire av desse som er oppfylt, dess meir relevant er søknaden for ordninga. Fylkeskommunen har mål om at midlane blir godt fordelt mellom organisasjonar innan ulike fagområde.

## Krav til søknaden

Søknaden må sendast inn til fylkeskommunen via digitalt søknadsskjema, og må innehalde

- presentasjon av tiltaket sitt føremål og regionale verdi
- presentasjon av korleis tiltaket skal synleggjere frivilligheita, bidra til fleire frivillige og deltagarar, reduserer barrierar og styrke samarbeidet mellom organisasjonar
- budsjett for tiltaket

## Sakshandsaming og vedtak

Forvaltningslova ligg til grunn for all søknadsbehandling i Vestland fylkeskommune. Alle søknader er i utgangspunktet offentleg tilgjengelege, jf. Forvaltningslova (Fvl.).

Avdeling for kultur, idrett og inkludering førebur søknadane for politisk handsaming og vedtak i hovudutval for kultur, idrett og inkludering. Kvar søknad er eit einskildvedtak og innstillinga skal grunngjevast i saksframlegget. Søknadene skal i hovudsak vere behandla innan tre månader etter søknadsfrist.

### **Oppfølging og rapportering**

Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Større endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning.

Tilskotsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan tre månader etter at tiltaket er gjennomført.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor kan setje i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar som er påkravd for sin kontroll.

### **Klage**

Vedtak kan klagast på etter Forvaltningslova §28, som omhandlar klagerett for part eller anna person med rettsleg klageinteresse ved einskildvedtak. Søkjær kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søker tok imot melding om vedtaket.

Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klagat over, årsaka til at det vert klagat og kva endringar ein meiner bør gjerast. Klagen skal sendast til Vestland fylkeskommune.